



Hans Bjørn Bakketeig er optikar og arbeider ved NAV, Hjelpemiddelsentralen i Hordaland. I tillegg er han leiar for organisasjonen «Hjelp Moldova».

Os Senioruniversitet: Moldova – det gløymde landet

Måndag 14. januar kjem osingen Hans Bjørn Bakketeig til Os Senioruniversitet for å fortelja om «Moldova – det glemte landet».

På grunn av sjukdom er det blitt ei endring i forhold til programmet som er delt ut tidlegare.

Hans Bjørn Bakketeig er optikar og arbeider ved NAV, Hjelpemiddelsentralen i Hordaland. I tillegg er han leiar for organisasjonen «Hjelp Moldova», og han vil fortelja om hjelpearbeidet i Moldova – Europas fattigaste land – der han personleg legg ned mykje arbeid.

Moldova er ein austuropeisk republikk som grensar til Romania i vest og til Ukraina. Folket har i lang tid vore underlagt andre land. Fyrstedømet Moldovia høyrde til Det osmanske riket. I 1812 vart det ein del av det russiske keisardømet, og i 1918 vart det ein del av Stor-Romania. I 1940 vart dei okkupert av Sovjetunionen. 27. august 1991 erklærte landet seg som sjølvstendig republikk lausrive frå Sovjetunionen.

Folketalet er ca 3,7 mill. 11 prosent har russisk som morsmål. Landet har eit av dei mest produktive jordbruksområda i regionen. Men fattigdommen er likevel stor. Brutto nasjonalproduktet (BNP) er berre vel tre prosent av BNP i Noreg.

Om somrane er det fine temperaturar, men vintrane er kalde, stundom er det ekstremt kaldt, og då er nok fattigdommen ekstra vond. Utstyret dei har på sjukehusa er for ein del museumsgjenstandar å rekna hos oss. Behovet for hjelpearbeid er stort.

For sitt humanitære arbeid fekk Bakketeig i 2012 to æresprisar. På ein verdskongress i Chicago vart han utnemnd til «International Optometrist of the Year» (Årets optikar). Han vart også tildelt Rotaryprisen «Paul Harris Fellow», oppattkalla etter grunnleggjaren av Rotary.

Os Senioruniversitet
Olav Søfteland

Tid for grøn politikk

Me lever over evne i store deler av verda. Det internasjonale energibyrået, IEA, har nettopp slått fast at vår fossilbaserte vekst må avviklast. Over to tredjedelar av dei fossile ressursane på jorda kan ikkje utvinnast og brukast om verda skal unngå svært alvorlege klimaendringar.

Dette vil krevja ei omstilling mot redusert forbruk, særleg i rike land som Noreg. Internasjonalt er me på toppen av velstandstigen. Real-løna aukar mest for dei rikaste mellom oss. Dei med høgast løn i privat sektor har sidan år 2000 hatt ein månadleg lønsvekst på 30.500 kroner. Dette tilsvarar 67 prosent på ti år. Dei med lågast løn i privat sektor har i same periode hatt ein lønsvekst på 5.300 kroner i månaden. Skilnadane mellom fattig og rik aukar også internasjonalt, både mellom og innan land.

Denne skeive utviklinga mot aukande rikdom for dei få, parallelt med eit fattigdomsproblem, også i Noreg, har fått utvikla seg under skiftande regjeringar. Ingen av dei politiske partia som i dag er representerte på Stortinget har evna å endra dette. Alle støttar ein politikk for oljebasert materiell vekst.

Norske styresmakter har lagt seg til en retorikk om at norsk oljeproduksjon er naudsynt, både for auka velstandsvekst i Noreg og for å lyfta fattige land ut av fattigdom. I boka «Klimaparadokset» gjev Jens Stoltenberg utrykk for en slik «ja takk, begge delar»-politikk som han med sin klimakunnskap burde vita ikkje er mogleg.

Dersom andre land og selskap held fram med oljeproduksjon «til siste dråpe», slik Noreg er i ferd med å gjera, vil me – slik også IEA har peika på – få klimaskader som er så alvorlege at dei knapt kan



Lokalt er det svært uheldig at vegvesenet legg opp til ein ferjefri E39 og reknar med auka trafikk og lengre arbeidsreiser, utan å ta omsyn til nasjonale mål for reduserte CO2-utslepp frå transportsektoren. Det meiner Miljøpartiet Dei Grøne.

beskrivast. Skadane vil fyrst og kraftigast råka fattige grupper som historisk har minst ansvar for den alvorlege klimautviklinga.

Meiningsmålingar viser at nesten 30 prosent av folk i Noreg meiner at økonomisk vekst skadar miljøet og nesten 40 prosent er villige til å godta ein reduksjon i levestandard for å verna miljøet. Likevel har oppmodingar om redusert forbruk frå naturvernorganisasjonar, Den Norske Kyrkja og organisasjonar som «Framtiden i våre hender» hatt liten verknad.

Særleg reisemønster viser ei uheldig utvikling. Talet personkilometer reist med fly er firedobla sidan 1990. Fem millionar nordmenn reiser like mykje med fly som 40 millionar europearar. Klimaeffekten av utslepp frå nordmenn sine flyreiser er no like stor som utsleppa frå heile den norske bilparken.

Lokalt er det svært uheldig at vegvesenet legg opp til ein ferjefri E39 og reknar med auka trafikk og lengre arbeidsreiser, utan å ta omsyn til nasjonale mål for reduserte CO2-utslepp frå transportsek-

” Fem millionar nordmenn reiser like mykje med fly som 40 millionar europearar.

toren. Vegvesenet overser dessutan viktige naturvernomsyn i Os og krav til eit reisemønster som sikrar god luftkvalitet i bergensområdet.

Det er sterke krefter som fremjar ei lite miljøvenleg utvikling. Ikkje minst gjer reiselivs- og reklamebransjen og deler av næringslivet sitt beste for å overbevise oss om at me må unna oss eit større forbruk og lengre feriereiser. Arbeidsgjevarane våre, anten dei er statlege eller private, gjer det heller ikkje lettare for

folk som ynskjer å vera miljøvennlege når styremøte og personalsamlingar stadig oftare blir lagt til sydlige breiddegrader.

Det må skapast ein motkultur mot slike haldningar og rammevilkår som stimulerer til miljøvennlege val. Produksjon og forbruk av fossile brennstoff må trappes ned, både i Noreg og internasjonalt. Noreg, som eit svært rikt oljeproduiserande land, har et spesielt ansvar for å gå føre med ein slik politikk.

På lengre sikt vil me ha store fordeler av ein kontrollert avvikling av oljeverksemda. I staden for store investeringar med tanke på oljevinnning i nord må det satsast atskilleg sterkare på fornybar energi, med oppbygging av bærekraftige arbeidsplassar, spesielt innan fiskerisektoren. Meiningsmålingar viser at mange ynskjer ei slik omstilling. Dette tyder på at det er trong for eit radikalt grønt alternativ i norsk politikk.

Miljøpartiet Dei Grøne, Os
Lisa Nøttseter
Gunnar Kvåle

Eit liv i balanse

Livet set store krav til oss på mange arenaer. I familien, på arbeidsplassen, i kyrkjelyden, i nærmiljøet og i samfunnet elles er det forventning om at vi er nærverande og engasjerte. For ikkje få av oss inneber dette at vi kjenner oss dregne i mange retningar på same tid – og at korkje tida eller kreftene strekk til.

Anten vi opplever dette slik eller annleis, er det grunn til å spørja: Korleis kan vi leva eit liv i balanse? Dette er tema for ei open tilskipping i Eikelandssosen bedehus, onsdag 16. januar.

Til å hjelpa oss med temaet kjem Øystein Rønhovde, som er fagleg leiar for sjelesorg på Haraldsplass.

Kvelden vil ha seminarform, med høve til spørsmål, innspel og summing i grupper mellom undervisningsblokkene. Det vil bli delt ut disposisjonar og litteraturlister. Det er inga påmelding og det heile er gratis. Vi trur dette blir ein kveld som kan vere til hjelp i ulike livssituasjonar.

Diakoniutvalet i Fusa sokn

LOL-lokala tømt



Til nyttår var det slutt for klesbutikken LOL i Os sentrum. Eigarane valde å leggja ned pga. for få kundar og ugunstig økonomisk drift. Tysdag vart lokala rydda og tømte.

– Me hadde håpa at osingane ville støllokalsamfunnet og handla lokalt. For kvar krone dei bruker her, går det pengar tilbake til felleskapet. Ei verksemd genererer masse tilbake til kommunen på mange måtar. Då er det frustrerande å sjå at ungdommen reiser til Lagunen for å kjøpa akkurat dei same kloda som me har her, sa eigaren Lena Stigen Mathisen til «Os og Fusaposten» før jul.

Sniglar på tur



Me skriv 6. januar 2013, og på søndagstur langs vegen inn gjennom Hegglandsdalen observerte vi denne snigelen. Tilsynelatande såg det ut som om han nett hadde kome seg over vegen. Han var ikkje kome seg lenger av garde enn inn til Heggland, så vi gjekk frå han der.

Neste krabat traff me ved Moldegård. Han var mykje feitare og har nok hatt det godt i jula.

Siri og Stein Ludvigsen

Bli abonnent

– få avisa tilsendt i posten